



Månadsbrev oktober 2023

Det skjedde mykje i september, og elevane engasjerte seg i kommune- og fylkestingsval og valdebatten vart vellukka. The Sverre Sverre var ein suksess, og mange møtte opp på foreldremøte med "Rom for alle". Anne Grethe og Åse-Berit kom gira heim frå UNESCO-konferanse om den samiske verdsarven, og det same gjorde 7. klasse etter veka på leirskule. Om du ikkje allereie har sett BlimE!-dansen til 1.-7. klasse, ligg han ute ein annan stad på heimesida. Der har du nok allereie lese om mellomtrinnet som vann hovudpremien i Beintøft 2023 etter å ha gått, sykla eller tatt kollektivtrafikk, samt løyst ulike oppgåver undervegs. Gratulerer! Konkurranseinstinktet er det ingen ting å seia på på Sinnes skule.

Det skjer ein del ting i oktober òg, og me byrjar med møte i FAU 2. oktober. Same kveld kjem 12 elevar og to lærarar frå Väike-Maarja Gümnaasium på besøk, og det vert to innhaldsrike dagar før dei returnerer frå Sola 07.40 på torsdag. Me byrjar med morgonsamling tysdag 3. oktober med presentasjon av skulen deira og litt anna typisk for ei morgonsamling, før det blir ordinære timar fram til lønsj, og mat & helse og/eller friluftsliv resten av skuledagen for ungdomstrinnet og gjestene. Tysdag kveld arrangerer foreldrekontaktane haustsamling med brettspel og kveldsmat, og onsdag blir det ekskursjon til Lysebotn og Duge kraftstasjon. Og så er det plutseleg haustferie!



Møtet i ungdomsrådet er lagt til haustferien, så nokon vel kanskje å møta på det, men eg har fått lovnad om at ein skal unngå det for framtida. Valfagsgruppa "Innsats for andre" planlegg skuleløp 17. oktober, og då markerer me SN-dagen og TV-aksjonen 2023 i same slengen, og plutselig er det overnattingstur på Duge 19.-20. oktober. Sjå eige skriv før haustferien. 26. oktober kjem Idrettspatruljen og ungdomstrinnet får besøk av den kulturelle skulesekken med "Det snakker vi ikke om!" som "handler om hvordan andre verdenskrig fremdeles er med på å forme folks oppfatning av seg selv, sin familiehistorie og identitet, snart 80 år etter krigens slutt. Vi møter mennesker fra tre generasjoner som deler sine fortellinger om det å bære på en arv, kjent eller ukjent, fra andre verdenskrig." <https://www.denkulturelleskolesekken.no/agder/utforsk-produksjoner-i-dks/?produksjon=10832>

Etter ferien blir det med andre ord ein god arbeidsperiode ut oktober og heile november.

Sinnes 02.10.23, Åse-Berit (rektor)